



Giske kommune  
Historisk og framtidretta

# Styringsdokument

Plan for oppfølging av  
samfunnssikkerheit og  
beredskap

Vedtatt:  
Giske kommunestyre 16.02.2023

Neste revisjon:  
02-2024  
Revisjonsansvarleg:  
Beredskapskoordinator

## Innhald

1 Generelt.....	3
2 Lovkrav.....	3
2.1 Heilskapleg Risiko- og Sårbarheitsanalyse (ROS).....	4
2.2 Heilskapleg ROS-arbeid .....	4
2.2.1 Langsiktige mål for å redusere risiko.....	4
2.2.2 Strategiar for å nå måla med beredskapsarbeidet.....	4
2.3 Beredskapsplanen .....	4
2.4 Interkommunalt samarbeid.....	5
2.5 Oppdatering og revisjon .....	5
2.6 Øving og opplæring .....	6
2.7 Evaluering av hendingar og øvingar .....	6
2.8 Dokumentasjon .....	6
2.9 Tilsyn.....	7
3 Handlingsplan 2023-2024.....	7
3.1 Årshjul.....	7
3.2 Opplærings- og øvingsplan.....	8



# 1 Generelt

Giske kommune skal, med utgangspunkt i lova sine krav til kommunal beredskapsplikt, ta vare på innbyggjarane og alle som til ein kvar tid oppheld seg i Giske, sin tryggleik og sikring. Kommunen skal utarbeide langsiktige mål, strategiar og prioriteringar ut i frå heilskapleg ROS-analyse og planlegge for oppfølging av samfunnet si sikring og beredskapsarbeid.

Styringsdokumentet følgjer forskrifta sine ni paragrafar som konkretiserar krava til kommunen sine plikter, jf kap. 2 nedanfor.

Giske kommune sitt beredskapsarbeid er forankra i kommuneplanen sine mål om at kommunen skal:

- vere ein god plass å leve heile livet for alle
- ha gode levekår gjennom heile livsløpet
- ha eit framtidsretta næringsliv
- vere ein aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv samt legge til rette for etablering av nye berekraftige verksemdar og næringer
- vere kjend som samhandlingskommunen
- ha eit godt samspel mellom det offentlege, private, frivillige organisasjonar og ålesundsregionen

Eitt av dei gjennomgåande perspektiva for alle driftsområda er å ha fokus på låg risiko og sårbarheit (ROS). Noko som betyr at kommunen i ALLE planar og tiltak skal ta omsyn tildette og sørge for at dei ulike krava er oppfylte (jfr. Plan- og bygningslova § 4-3).

# 2 Lovkrav

Lovkrav er sett i [Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret\(sivilbeskyttelsesloven\)](#) av 25.06.2010 som trådte i kraft 1.1.2011, med slikt føremål:

*«Lovens formål er å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdier og kritisk infrastruktur ved bruk av ikke-militær makt når riket er i krig, når krig truer, når rikets selvstendighet eller sikkerhet er i fare, og ved uønskede hendelser i fredstid.»*

*«Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf.lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) §11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.»*

[«Forskrift om kommunal beredskapsplikt»](#) trådte i kraft 7.10.2011, med slikt føremål:  
*«Forskriften skal sikre at kommunen ivaretar befolkningens sikkerhet og trygghet. Kommunen skal jobbe systematisk og helhetlig med samfunnssikkerhetsarbeidet på*

---

*tvers av sektorer i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdier.*

*Plikten omfatter kommunen som myndighet innenfor sitt geografiske område, som virksomhet og som pådriver overfor andre aktører.»*

*«Kommunens beredskapsplan skal til enhver tid være oppdatert, og som et minimum revideres en gang pr. år. Av planen skal det fremgå hvem som har ansvaret for oppdatering av planen og når planen sist er oppdatert.»*

## 2.1 Heilskapleg Risiko- og Sårbarheitsanalyse (ROS)

Ei ny, heilskapleg ROS-analyse vart utarbeidd og lagt fram for kommunestyret i 2019. Denne ROS-analysa ligg til grunn for hovudtema i beredskapsplanverket.

Oppfølging av planen ligg seinare i forskrifta og vert dels innbakt i årshjulet - dels i andre delplanar.

## 2.2 Heilskapleg ROS-arbeid

Forskrifta § 3 krev at heilskapleg ROS-analyse skal ligge til grunn for ein heilskapleg oppfølging i det kommunale samfunnsikringsarbeidet.

### 2.2.1 Langsiktige mål for å redusere risiko

*For å møte utfordringane med avdekt risiko skal vi estimere kostnader ved naudsynte tiltak for å redusere, eller eliminere, risiko vi ikkje kan akseptere. Dette skal vi gjere i prioritert rekkefølge:*

1. *Digital sikkerheit*
2. *Fysisk infrastruktur (flyplass, tunnel, veg)*
3. *Fare for alvorlege hendingar knytt til rus/psykiatri*
4. *Atomsikkerheit*

### 2.2.2 Strategiar for å nå måla med beredskapsarbeidet

*Vår strategi for å nå våre mål for beredskapsarbeidet er at vi sett desse måla årleg i arbeidet med budsjett og økonomiplan. I tillegg skal vi samarbeide med nærliggande kommunar andre aktuelle partar.*

*Våre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging arbeidet med samfunnsstryggleik og beredskap, slik det kjem fram i dette dokumentet, skal arbeidast inn i handlingsplan til kommuneplanen sin samfunnsdel, når den skal rullerast.*

## 2.3 Beredskapsplanen

Giske kommune sin beredskapsplan er rullert jamleg og vart revidert sist i 2022. I tillegg har dei fleste einingane beredskapsplaner for eget verksemdsområde som vert jamnleg

---

reviderte.

Kommunen fyller forskrifta sine minstekrav til kommunal beredskapsplanverk, og nyttar CIM til fleire av dei områda som forskrifta nemner. Beredskapsplanen kan utarbeidast som eigen handlingsdel til kommunedelplanen i hht. plan- og bygningslova: Dette er ikkje gjort, men bør vurderast i det framtidige planarbeidet.

Planen bør vurderast som handlingsdel til kommunedelplanen i hht. PBL.

## 2.4 Interkommunalt samarbeid

Forskrifta § 5 viser til at interkommunalt samarbeid bør etablerast der det er hensiktsmessig. Kvar kommune skal likevel ha eigen beredskapsplan og heilskapleg ROS-analyse.

Giske kommune deltek i Interkommunalt samarbeid om akutt forureining (IUA) leia av Ålesund Brannvesen. Giske Brannvesen er lagt saman med Ålesund Brannvesen.

Kommuneleiinga deltek i det interkommunale Politirådet.

Regionkommunane bistår kvarandre med beredskapsressursar når dette er ønskeleg, og beredskapsansvarlege i regionen deltek i eit felles kompetanse- og samarbeidsnettverk forsamfunnsberedskap. Giske kommune har eigen samarbeidsavtale med Møre og Romsdal Røde kors.

Giske kommune har eit felles tverrfagleg samansett beredskapsråd saman med Ålesund kommune og Sula kommune som har til oppgåve å være eit rådgivande forum for gjensidig informasjonsutveksling om beredskapsmessig status i kommunane, inngå avtalar om samarbeid, finne felles løysingar og ta initiativ til beredskapsførebuing, inkl. øvingar.

Det er viktig å oppretthalde samarbeidsfora og det interkommunale samarbeidet slik det fungerer i dag.

## 2.5 Oppdatering og revisjon

Heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse samt beredskapsplaner skal oppdaterast jamnleg; ROS-analyse i takt med revisjon av kommunedelplaner, beredskapsplan kvart år og kontaktinformasjon og varslingslister fortløpande. Beredskapskoordinator er ansvarleg.

Heilskapleg ROS-analyse for Giske vart utarbeidd i 2014 og revidert 2018-19, og overordna beredskapsplan sist i 2022.

Jamvel om lovverket nyttar forskjellige omgrep for ajourhald, finn vi det hensiktsmessig å skilje oppdatering av beredskapsplanen slik:

- oppdatering – fortløpande (t.d. tlf.nr., namn, nye rapportar, lister mv.)
  - rullering – periodevis (1-2-årig gjennomgang av planverk, versjonsutgåver mm.)
  - revisjon – fullstendig gjennomgang (som regel 4-årig plangjennomgang)
-

## 2.6 Øving og opplæring

Kommunen skal ha eit system for opplæring av personar med roller innan beredskap. Kommunen skal i flg. forskrift øve på beredskapsplanen kvart anna år. Det bør øvast på hendingar frå kommunen si heilskaplege ROS-analyse. Kommunen skal øve saman med andre kommunar og/ eller aktørar der dette er hensiktsmessig. Beredskapskoordinator er ansvarleg for opplæring i bruk av CIM, og i generelt beredskapsarbeid i organisasjonen. Einingsleiar skal melde behov for opplæring til beredskapskoordinator.

Statsforvaltar øvar kommunen årleg i etablering av beredskapsleiing med påfølgande skrivebordsøving. Beredskapsleiinga i Giske kommune deltek på alle øvingar Statsforvaltar arrangerer. I 2021 var tema «Digitalt angrep», og i 2022 var tema «Atomberedskap». Nøkkelpersonar i Giske kommune har i 2021 delteke på eit lokalt fiskebåtrederi si beredskapsøving, og i samband med dette øvd på etablering av kriseleiing, EPS og kommunikasjon med pårørande. Beredskapskoordinator var også observatør på Fullskalaøving på Ålesund sjukehus i 2021.

Ny beredskapskoordinator har i 2020 - 2023 delteke på fleire kurs ved DSB om DSB-CIM, øvingsplanlegging og heilskpeleg ROS i kommune. Systemintegrator har delteke på kurs i opplæring i bruk av Nødnett.

Det er gitt opplæring i DSB-CIM til tilsette i avdeling Smittevern i samband med arbeidet med covid-19.

Vidare oppfølging: Plan for øving og opplæring ligg i kap. 3.

## 2.7 Evaluering av hendingar og øvingar

Evaluering skal skje i etterkant av hendingar og øvingar med alle involverte. Resultat frå evaluering skal innarbeidast i aktuelle planar, og evaluering av større hendingar oversendast Statsforvaltar.

Evaluering vert lagt i CIM etter ein bestemt mal, og aktuelle evalueringar vert oversendt Statsforvaltar.

## 2.8 Dokumentasjon

Forskrifta § 9 seier at kommunen skal kunne dokumentere skriftleg at forskrifta sine krav er fulgt. Dette føreset at alle plikter skal foreligge skriftleg, bl.a. som grunnlag for eigenkontroll, forvaltningsrevisjon og Statsforvaltar sine tilsyn.

Giske kommune sine beredskapsdokument Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, Overordna beredskapsplan samt Styringsdokument vert jamnleg framlagt for kommunestyret - i tillegg til dokument som ligg i beredskapsprogrammet CIM for skriftleg framstilling ved behov.

---

## 2.9 Tilsyn

Forskrifta § 10 fastslår at Statsforvaltar skal føre tilsyn med kommunen si oppfølging avkommunal beredskapsplikt. DSB har utarbeidd eigen rettleiar for slikt tilsyn.

Statsforvaltar i Møre og Romsdal har hatt tilsyn med Giske kommune i 2013, 2016 og 2021. Det vert lagt opp til tilsyn kvart 3.-4. år

Giske har hatt **tre** tilsyn i nyare tid: 2013, 2016 og 2021. I tilsynet i 2021 vart det gjeve to avvik og ein merknad. Det eine avviket var at Giske kommune ikkje hadde med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet. Dette avviket blei lukka ved å innarbeide forankring i Samfunnsplanen. Det andre avviket var at Giske kommune ikkje hadde på ein systematisk måte evaluert alle øvingar sidan førre tilsyn. Dette avviket blei lukka med at det er rutine for å evaluere alle øvingar.

## 3 Handlingsplan 2023-2024

Handlingsplanen omfattar både faste tiltak gjennom året i eit årshjul, og planlagte tiltak dei næraste åra.

Opplæring og utdanning av personell med roller i beredskapsarbeidet må ha prioritet, og kommunale øvingar bør skje ut i frå lokale føresetnader.

Til no er det, ved sidan av nødetatane som har eigne opplærings- og øvingsprogram, beredskapsleiinga og kriseteamet som har hatt øvingar.

### 3.1 Årshjul

Årshjulet skal sikre faste rutinar for revisjon og oppfølging av tiltak. Årsplan skal settast oppav beredskapsleiinga i samarbeid med beredskapsrådet.

ROS-analyser skal ligge til grunn for revisjon av overordna beredskapsplan og delplaner. Årshjulet har slik innhald :

---

TID	SAK
JANUAR -MARS	Interne CIM-øvingar Utstysjekk beredskapsrom Vedtak av ny beredskapsplan og styringsdokument Møte i beredskapsleiinga
APRIL - JUNI	Interne CIM-øvingar Utstysjekk beredskapsrom Møte i beredskapsleiinga Skrivebordsøving einingar Møte i beredskapsråd
JULI - SEPT	Interne CIM-øvingar Utstysjekk beredskapsrom Møte i beredskapsleiinga Budsjett- og øk.planarbeid
OKT – DES.	Interne CIM-øvingar Utstysjekk beredskapsrom/ -kasser/ -aggregat Oppdatering planverk Møte i beredskapsleiinga Fagsamling v/Statsforvaltar Øving Fårikål v/Statsforvaltar

## 3.2 Opplærings- og øvingsplan

Forskrifta §7 seier at beredskapsplan skal øvast kvart 2. år og soleis sikre at beredskapsleiinga er rusta for sine oppgåver med å handtere uønska hendingar.

[Rettleiinga til forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) peikar på at kommunane bør planlegge, gjennomføre og evaluere øvingar saman med interne og eksterne aktørar. Viktige øvingsmoment kan vere:

- avklaring av roller og ansvar
- etablere situasjonsforståing
- fordele ressursar på tvers av aktørar for å ivareta befolkninga
- krisekommunikasjon

Plan for beredskapsleiing skal øvast minst kvart 2. År. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si beredskapsavdeling bidrar positivt til dette målet med sine årvisse varslingsøvingar, men dette utelukkar ikkje at kommunane sjølv gjennomfører lokale eller regionale øvingar.

Tiltaka under er tentativt tidfesta, og kan endrast avhengig av ressursituasjonen.



<b>NÅR</b>	<b>TILTAK</b>	<b>ANSVAR</b>
April -23	Beredskap som tema i leiarforum	Kommunedirektør, beredskapskoordinator
Juni -23	Grunnkurs i CIM for stab	Beredskapskoordinator
Sept. -23	Gjennomgang av Evakuerte- og pårørende-senter med nytt personell	Beredskapskoordinator, EPS-ansvarleg
Okt -23	Øving i Evakuerte og pårørandesenter	EPS-ansvarleg, beredskapskoordinator
Okt. -23	Fagsamling for beredskapsansvarlege	Statsforvaltar
Okt. -23	Øving Fårikål	Statsforvaltar
Mars -24	Beredskap som tema i leiarforum	Kommunedirektør, beredskapskoordinator
Juni -24	Grunnkurs i CIM for stab	Beredskapskoordinator
Okt. -24	Fagsamling for beredskapsansvarlege	Statsforvaltar
Okt. -24	Øving Fårikål	Statsforvaltar